



Fiskebåten som vart bygd hos Eidsvik skipsbyggeri i 1957

**Fiskebåten RELIN, bygd på Eidsvik skipsbyggeri i 1957, er sett på land og skal skrapast og hoggast. RELIN er båt nummer to Eidsvik bygde i stål, 80 fot lang, og levert til Rolf Kvalsund, Nærlandsøy, i Ålesund.**



#### [Den gamle fiskebåten vart skrapa i dag](#)

Båten har sidan skifta eigarar og namn. Frå 1966 vart namnet MORSUND, eigar var Lars Morsund, Harøy, Ålesund. Seinare har namna vore FURNES, HARØYFJORD og KVERNSUND.

Dei siste ti åra har fartyet lege til kai i Hillevåg ved Stavanger. I dag vart RELIN sett på land av Eide Lift 6 i Mekjarvik. Kjetil Yri frå Uskedalen var ein av dei som var med på operasjonen for Eide Lift.

Den fyrste stålbåten levert frå Eidsvik, fekk namnet ENDRE DYRØY, bygd for same rederi som SOLFJELL. Overgangen frå tre til stål var eit stort og omfattande framsteg. Ein måtte ha bukkemaskin og kran. Arbeidet med å valsa hudplater vart den fyrste tida gjort på Gravidal på Sunde. Etter arbeidet med RELIN i 1957 vart det bygd to stålfarty til Island, STEFAN BEND og OLAV TRYGVASION.

Tekst: Kristian Bringedal  
Foto: Kjelder i Stavanger  
Nett: Thor Inge Døssland